

Ommøblering før neste klient

Folk snakkar lettare om private tema i eit stort rom eller ved eit stort bord.



ILLUSTRASJON: MARIE RUNDEREIM

Vanessa Okken og kollegaer plasserte i tur og orden 86 forsokspersonar vendt mot ein kvinneleg masterstudent som, utan a vera klar over foremalet med studien, stilte dei spørsmål om rusmiddelmisbruk, seksualitet og kjensler. Miljoet dei sat i, blei endra. Eit lite bord gav 80 cm avstand mellom personane. Eit større bord dobla avstanden. Begge borda blei testa ut i to rom på hovesvis 16 m² og 19,8 m². Eit videokamera blei plassert slik at personane som i ettertid vurderte forsokspersonane sine svar, ikkje kunne avgjera kva miljo svara var gjevne i.

Okken og kollegar hevdar at funna deira bør få konsekvensar for korleis terapeutar innreier kontora

Forsokspersonane sa sjolve at dei kjente seg meir avslappa og mindre hemma i det største rommet. Narare analysar viste at eit større rom bare forte til ein meir avslappa situasjon dersom bordet også var stort. Det kan altsa vera at kjensla av narleik som blir skapt ved eit lite bord, nedkjempar den frigjerande kjensla eit større rom kan gje.

I eit større rom lente forsokspersonane seg oftare fram og hadde opnare kroppshaldning. Dei stotta seg oftare på det store bordet enn på det vesle, og i det største rommet heldt dei meir blikkontakt ved det store bordet.

Nar det gjeld det avgjerande spørsmålet om kor vidt miljoet paverka kor mykje forsokspersonane var villige til å opna seg for intervjuaren, sa varierte resultata mellom ulike tema. Til domes brukte dei meir tid på å snakka om rusmiddelmisbruk i det store rommet enn i det vesle. Mens nar det var snakk om seksualitet, var det eit stort bord som forte til fleire ord og eit meir sjolvrefererande språk. Ogsa samtalar om kjenslesame tema som einsemd blei fortare personlege i det største rommet. I følgje BPS Research Digest hevdar Okken og kollegaer at funna deira bor fa konsekvensar for korleis terapeutar innreier kontora. Det er nesten sa ein kan mistenka dei for a sta i leitog med IKEA eller Bohus nar dei tilrar fleksible bord og skiljeveggar for a trimma rommet til den aktuelle samtalen. «Formgjevinga av rommet og plasseringa av moblar kan paverka graden av rom som er tilgjengeleg, noko som i sin tur kan paverka sjolvutleverande atferd,» seier Okken.

Kan vi venta oss terapeutar som romsterer vilt mellom kvar klientavtale for å tilpassa rommet til neste samtale? «Skal vi sjá. Neste pasient er fru Nilsen, da blir det nok ein del snakk om einsemd. Hm ... ok, da skal bokhylla dit, og jukkapalma hit.»

Kanskje er tida betre brukt på å lesa seg opp på journalen fra forrige samtale?

Kjelde: Vanessa Okken et al. (2013). Room to move: On spatial constraints and self-disclosure during intimate conversations. *Environment and Behaviour* DOI: 10.1177/0013916512444780